

Møteprotokoll

Setesdal Regionråd - Representantskapet

SETESDAL REGIONRÅD



Møtestad: Hovden Høyfjellshotell
Dato: 16.06.2010
Tid: 14:30

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Namn	Namn
Oskar Roel	Sigbjørn Horverak	Bjørn A. Ropstad
Nils Gjermund Østerhus	Kay Jeiskelid	Pål Dale
Olav K. Hovet	Torvald Gautland	Randi Steinholt
Odd Helge Liestøl	Astrid Steensby	Eli Tomine Moe
Olav Mandt	Steinar Kyrvestad	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hallstein Kvamme Homdrom	Terje Greibesland	Bygland kommune

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Signe Sollien Haugå	Dagleg leiar
Ingunn Kile	Utvallssekretær

Andre som møtte:

Namn	Funksjon
Steinar Risinggård	Revisor Setesdal revisjonsdistrikt

Hovden, 17.06.10


Ingunn Kile
Utvallssekretær

Godkjenning av møteprotokoll.

Setesdal Regionråd – eit samarbeid mellom kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle

Setesdal Regionråd | Kommunehuset, N-4747 Valle | Telefon sentralbord: 37 93 75 00 | Org.nr: 981543556 | Bank: 2890.67.12905
E-post: post@setesdal.no | www.setesdal.no

Saksnummer	Innhald
PS 1/10	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/10	Godkjenning av møteprotokoll
PS 3/10	Referatsaker/orienteringar
PS 4/10	Utkast til årsmelding Setesdal regionråd 2009
PS 5/10	Rekneskap 2009 Setesdal regionråd
PS 6/10	Framlegg - budsjett Setesdal regionråd - 2011
PS 7/10	Revidert budsjett 2010

Møtet vart leia av nestleiar Olav Mandt, då leiar Bjørgulv Sv. Lund hadde meldt forfall.

PS 1/10 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Representantskapet - 16.06.2010

Handsaming:

Forslag frå Steinar Kyrvestad om at representantskapsmøtet kunne vore skilt frå orienteringa om helseprosjektet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart vedteken.

PS 2/10 Godkjenning av møteprotokoll

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Representantskapet - 16.06.2010

Handsaming:

Møteprotokoll vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Møteprotokoll frå førre møtet vart vedteken.

PS 3/10 Referatsaker/orienteringar

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Representantskapet - 16.06.2010

Handsaming:

Wenche Tangene samt lokale prosjektleiarar orienterte om helseprosjektet i Setesdal. Møteleiar takka for orienteringa.

PS 4/10 Utkast til årsmelding Setesdal regionråd 2009

Tilråding:

Representantskapen tek styret si årsmelding til orientering.

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Representantskapet - 16.06.2010

Handsaming:

Framlegg frå Steinar Kyrvestad om følgjande tillegg til side 28 i årsmeldinga - Regionrådet sine egne prioriteringar:

I tillegg til dei føreslegne punkter vert følgjande punkt fletta inn:

- Regional plan Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene – Setesdal Austhei
- Regional plan Otra med nedslagsfelt jmf. Vassdirektivet
- Arbeide for eit interkommunalt samarbeid i høve overordna arealplanlegging.

Styret drøftar prioritering/oppfølging.

Tilrådinga med tillegg frå Steinar Kyrvestad vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Representantskapen tek styret si årsmelding til orientering med endringar føreslegen i møte til side 28:

- Regional plan Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene – Setesdal Austhei
- Regional plan Otra med nedslagsfelt jmf. Vassdirektivet
- Arbeide for eit interkommunalt samarbeid i høve overordna arealplanlegging.

Styret drøftar prioritering/oppfølging.

PS 5/10 Rekneskap 2009 Setesdal regionråd

Tilråding:

Representantskapen godkjenner årsrekneskapen slik den ligg føre.

Underskot i driftsrekneskapen på kr. 96.150,77 vert dekkja gjennom disposisjonsfond.
Underskot i kapitalrekneskapen på kr 727,- vert dekkja gjennom disposisjonsfond..

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Representantskapet - 16.06.2010

Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Representantskapen godkjenner årsrekneskapen slik den ligg føre.

Underskot i driftsrekneskapen på kr. 96.150,77 vert dekkja gjennom disposisjonsfond.
Underskot i kapitalrekneskapen på kr 727,- vert dekkja gjennom disposisjonsfond.

PS 6/10 Framlegg - budsjett Setesdal regionråd - 2011

Tilråding:

Representantskapen godkjenner framlegg til budsjett for Setesdal regionråd 2011. Samla handlingsprogram for 2011 vil framkome i samband med oppsummering av høyringa av Utviklingsplan for Setesdal hausten 2010, og nærare spesifisering av prosjekt/tiltak.

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Representantskapet - 16.06.2010

Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Representantskapen godkjenner framlegg til budsjett for Setesdal regionråd 2011. Samla handlingsprogram for 2011 vil framkome i samband med oppsummering av høyringa av Utviklingsplan for Setesdal hausten 2010, og nærare spesifisering av prosjekt/tiltak.

PS 7/10 Revidert budsjett 2010

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Representantskapet - 16.06.2010

Tilråding:

Styret rår representantskapen å godkjenne framlegg til revidert budsjett for 2010. Manglande finansiering ansvar 9121 blir føreslege dekket av ansvar 9100. Ein oppmodar Aust-Agder fylkeskommune til å føre inn att løyvinga til Regionalt næringsfond i budsjettet for 2011

Handsaming:

Ordskifte. Framlegg frå møteleiar om følgjande endring til tilrådinga: Representantskapet presiserar at ein ikkje aksepterar avkorting av konsesjonskraftavtala og bed om at løyving til regionalt næringsfond blir innført att på lik line med andre regionar i fylket, jfr. budsjett for 2011.

Tilrådinga med endringsframlegg vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Representantskapen godkjenner framlegg til revidert budsjett for 2010. Manglande finansiering ansvar 9121 blir føreslege dekket av ansvar 9100. Representantskapet presiserar at ein ikkje aksepterar avkorting av konsesjonskraftavtala og bed om at løyving til regionalt næringsfond blir innført att på lik line med andre regionar i fylket, jfr. budsjett for 2011.